



DIMNA IDRETTSLAG
Dimna
6065 Ulsteinvik

Innbyding til **Opent KM innandørs** i **Ulsteinhallen 31. januar og 1. februar 2015**

Dimna IL har endeleg gleda av å invitere nasjonalt stemne i Ulsteinhallen. Stemnet som blir generalprøve før UM innandørs som vi skal arrangere i mars vil også ha innlagt KM for Møre og Romsdal.

Klasse	Laurdag 31.01 - kl. 12.00	Søndag 01.02 - kl. 11.00
Rekrutt	60 m og lengde	
10 år	60 m, kule, høgde	Lengde og 600 m
11-13 år	60 m, kule, høgde	60 m hekk, 200 m, lengde og 600 m
14 år	60 m, lengde, høgde	60 m hekk, 200 m, kule og 600 m
15-19 år	60 m hekk, 200 m, lengde, 800 m	60 m, 400 m, 1500 m, kule, høgde
Senior	60 m hekk, 200 m, lengde, 800 m	60 m, 400 m, 1500 m, kule, høgde

PÅMELDING:

Påmelding via online påmelding. Dersom du av ein eller annan grunn ikkje kan registrere påmeldinga her kan du sende oss ein e-post på adressa: pamelding@dimna.no. Påmeldingsfristen er mandag 26. januar kl. 23.59. Då blir påmeldingssystemet automatisk stengt. Ev. etterpåmeldingar (mot dobbel startkontingent) kan sendast på e-post. Vi ønskjer minst mulig etterpåmeldingar stemnedagane. Vi kan ikkje garantere plass om du prøver å melde deg på etter påmeldingsfristen.

STARTKONTINGENT:

Rekruttar: kr. 100,- for alle øvingane. 10 år og eldre kr. 100,- pr. start. Startkontingenten skal sendast til kontonummer 4137.30.22304.

PREMIERING:

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. I rekruttklassa og 10 års klassa er det premie til alle i alle øvingane. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

ANNAN INFORMASJON:

I løpsøvingane frå 200 m og lenger vert det tid avgjørande (ingen finaler). På 60 m og 60 m hekk vert det forsøk og finale for klassene 11 år og eldre. **I Ulsteinhallen er det kun tillatt med butte 6 mm innandørspiggar. Inne i hallen må ein også ha reine jogglesko. Sko som blir brukt ute til oppvarming el.l. kan ikkje nyttast inne i hallen.**

Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på vår heimeside www.dimna.no.

KM for Møre og Romsdal

Stemnet er opent KM for Møre og Romsdal. Men stemnet er opent for deltakarar frå heile landet. KM gjelder for klassene 11 til 19 år. I desse klassene vert dei tre beste frå Møre og Romsdal premiært med KM medalje.